

Med sterke inntrykk frå Vest-Sahara

Like før jul reiste Sigmund Vereide til Vest-Sahara for å delta på ein kongress som vart skipa til av frigjeringsrørsla Polisario. – Dei sterke inntrykka frå turen står i stor kontrast til den overfloda vi lever i her til lands, seier han.

F.T.: Inger H. Aske Lothe

Av sentralstyret i Det norske Arbeidarpartiet er Sigmund Vereide peika ut til å sitje i internasjonalt utval, som har i oppgave å setje internasjonale saker på dagsorden og å rapportere til sentralstyret.

Bratt læringskurve

– Dette utvalet har sju-åtte medlemmer, og eg har vore medlem sidan i sommar. Leiar i utanrikskomiteen, Olav Akselsen, er også leiar av internasjonalt utval. Vi skal ha kring sju møter i året, der vi blir orienterte om stoda i ulike land. Vi har mellom anna hatt besøk av utanriksminister Jonas Gahr Støre, og Espen Barth Eide har orientert om Russland. Eg har hatt ei bratt læringskurve og tykkjer det er svært spennande å få vere med i dette arbeidet, smiler Sigmund Vereide, som også tykkjer det er inspirerande for han som lokalpolitikar.

No i desember fekk to av medlemmene i internasjonalt utval reise til Vest-Sahara for å delta på ein kongress i Tifarati. Ap-politikaren frå Gloppen var ein av dei heldige som fekk reise.

– Frigjeringsrørsla Polisario arrangerer ein kongress kvart tredje eller fjerde år, der internasjonale gjester vert invitert til å delta. Årets kongress var den tolvte i rekka, og her var det i alt 150 deltakarar, med 150 gjester frå heile verda. Gjestene las opp støtteerklæringer til Polisario på kongressen den første dagen, medan presidenten las opp ein strategiplan. Den andre og tredje dagen fekk ikkje gjestene delta på kongressen, for då vart framtidige strategiar diskuterte. Den siste dagen vart det gjennomført val av både president og ministrar, fortel han.

Ti timar køyretur

Gjestene frå Europa hadde eige fly frå Madrid til byen Tindouf i Algerie. Frå Tindouf gjekk turen i bilar gjennom ørkenen til Tifarati i Vest-Sahara. Køyreturen tok ti timar.

– I Madrid møtte vi tre svenskar frå Riksdagen og tre studentar frå Bergen som representerte Raftostiftelsen. I 2002 vart nemleg Rafto-prisen delt ut til Sidi Mohammed Daddach, som i 2001 vart sett fri etter å ha site 24 år i marokkansk fangenskap. Daddach har halde fram kampen i det okkuperte Vest-Sahara. Raftostiftelsen har oppmoda norske styremakter til å engasjere seg sterkare for å finne ei løysing på konflikten i Vest-Sahara, og meiner at den berre kan løysast ved at det saharawiske folket blir høyrte gjennom ei fri, open og rettferdig folkeavrøysing, fortel Sigmund Vereide.

I løpet av det vekelange opphal-



Kring 1500 deltok på konferansen som Polisario skipa til no i desember. Her var også Sigmund Vereide deltakar.



Konferansen vart halden i Tifarati, der dei mange gjestene låg i telt.

det i Vest-Sahara heldt han seg mykje i lag med dei nordiske utsendingane til konferansen. Men han fekk også god kontakt med ei rekkje andre utanlandske utsendingar.

Våpenkvile i 1991

Vest-Sahara ligg mellom Marokko i nord, Mauritania i sør og aust og Atlanterhavet i vest. Landet var tidlegare ein spansk koloni, som både Marokko og frigjeringsrørsla Polisario krev råderett over. Sidan



Sigmund Vereide reiste frå Noreg 12. desember for å vitje Vest-Sahara, og kom attende den 18. – Å kunne ta seg ein varm dusj, tek vi som ein sjølvfølgje. Det kunne eg ikkje gjere medan eg var i Vest-Sahara. Minna derifrå sit hardt i, og eg føler eit ansvar for å følgje opp, seier Vereide. Her saman med ein tolk.

statusen til territoriet ikkje er avgjort, behandlar FN dette landet som fastlands-Afrika sin siste koloni, der Spania framleis sit med det juridiske ansvaret. Størsteparten og den vestlege delen av landet har derimot vore okkupert av Marokko sidan Spania trekte seg ut i 1975.

– Marokkanske styrkar rykte inn i

Vest-Sahara samtidig som Spania trekte seg ut. Sivile frå Vest-Sahara – saharawiar – flykta austover under marokkanske bombeangrep gjennom eitt av Saharas mest vanskelege strom. Dei som overlevde, slo seg ned i leirar sørvest i Algerie ved byen Tindouf, og 50.000 menneske kom til dette området i løpet av november og desember i 1975. Marokkanske styrkar møtte uventa mykje motstand frå saharawiane, som hadde organisert seg under Popular Front for the Liberation of Saguia el Hamra and Rio de Oro, også kalla Polisario, og skipa ei eksilregjering med base i flyktningleirane. Etter 16 år med væpna konflikt, gjekk partane inn for våpenkvile i 1991. Ifølgje avtalen skulle det gjennomførast ei folkeavrøysing i Vest-Sahara i 1992 om området skulle bli sjølvstendig eller verte innlemma i Marokko. Men til dags dato er ikkje denne folkeavrøysinga blitt gjennomført, forklarer Sigmund Vereide.

Slik ser det ut i ein av flyktningleirane kring Tindouf.

